



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 25.10.2016

Sak nr.: 16/5390-38

Internt l.nr. 35952/16

Sak: 45/16

Tittel: Kjøp av rutetenester 2017

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for samferdsle tek til vitande status på omstillingsprosjektet SFJ2019
2. Hovudutval for samferdsle tek til vitande andre innsparingar knytt til anbod og ungdomskort på 11 millionar kroner.
3. Ruteinnspela i vedlegg 1 vert vedtekne slik dei ligg føre.
4. Framlegga til rutereduksjonar frå fylkesdirektøren vert vedtekne slik dei ligg føre.
5. Takst
 - a. Ordinær takstauke for buss vert 2,5 %. I tillegg kjem ekstraordinær takstauke på 1 %. Total takstauke for buss vert 3,5 %.
 - b. Minstetakst for buss vert uendra med kr 30 for vaksen og 15 for barn
 - c. Bybusstakstane i Florø og Førde vert uendra med kr 20 for vaksen og 10 for barn
 - d. Ordinær takstauke for båt vert 0 %. I tillegg kjem ekstraordinær takstauke på 3 % Total takstauke for båt vert 3 %.
 - e. Prisen for ungdomskort vert uendra med kr 390.
 - f. Takstane for fylkesvegferje skal følgje riksregulativet for ferjetakstar som tidlegare.
 - g. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.

Endringsframlegg:

Noralv Distad, Høgre sette fram følgjande endringsframlegg som tillegg til punkt 3:

Innspelet frå Vik kommune om å opprette rute over Vikafjellet fredag og søndag blir imøtekome

Avrøysting:

Det vart røysta punktvis.

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 med tillegg frå Noralv Distad, Høgre, fekk 3 røyster(H) og fall. Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Miljøpartiet dei grøne røysta imot.

Punkt 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke i samsvar med tilrådinga.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Hovudutval for samferdsle tek til vitande status på omstillingsprosjektet SFJ2019
2. Hovudutval for samferdsle tek til vitande andre innsparingar knytt til anbod og ungdomskort på 11 millionar kroner.
3. Ruteinnspela i vedlegg 1 vert vedtekne slik dei ligg føre.

4. Framlegga til rutereduksjonar frå fylkesdirektøren vert vedtekne slik dei ligg føre.
5. Takst
 - a. Ordinær takstauke for buss vert 2,5 %. I tillegg kjem ekstraordinær takstauke på 1 %. Total takstauke for buss vert 3,5 %.
 - b. Minstetakst for buss vert uendra med kr 30 for vaksen og 15 for barn
 - c. Bybusstakstane i Florø og Førde vert uendra med kr 20 for vaksen og 10 for barn
 - d. Ordinær takstauke for båt vert 0 %. I tillegg kjem ekstraordinær takstauke på 3 %
Total takstauke for båt vert 3 %.
 - e. Prisen for ungdomskort vert uendra med kr 390.
 - f. Takstane for fylkesvegferje skal følgje riksregulativet for ferjetakstar som tidlegare.
 - g. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.